

Typisk norsk, eller typisk Grieg?

Musikken hans var populær mens han levde, og han blir enno spelt over heile verda. Pianokonserten hans er ein av dei mest spelte, samtidig som han har skrive enkle, små stykke som sjølv amatørar kan spele i sin eigen heim. Det er inga overdriving å hevde at Edvard Grieg er den aller viktigaste komponisten vår gjennom tidene. Men kven var denne mannen, og kva er spesielt med musikken hans?



På 1800-talet var norske kunstnarar opptekne av å byggje ein nasjonal identitet. Edvard Grieg bidrog til dette ved å bruke innslag av norsk folkemusikk i musikken sin.

Edvard Grieg blei fødd i Bergen i 1843. Det var spesielt etter tilråding frå den berømte fiolinisten og komponisten Ole Bull at han som 15-åring blei send ut av landet for å studere musikk, først i Leipzig; litt seinare i København. Grieg sjølv treivst ikkje særleg godt med musikkstudia, og på fleire måtar blei desse åra ein kamp for den unge mannen. Mot slutten av 1860-åra blei Edvard Grieg interessert i norsk folkemusikk – noko som skulle setje preg på veldig mykje av musikken han seinare kom til å skrive. Grieg døydde i Bergen i 1907, 64 år gammal, og blir i dag rekna som ein nasjonalromantisk komponist.

Edvard Grieg skreiv musikk for mange ulike besetningar. Sjølv om han mellom anna har ein svært berømt pianokonsert, der pianoet spelar saman med eit heilt orkester, kjenner vi han best som ein komponist av mindre stykke, for eksempel stykke for berre piano. Grieg var svært dyktig med akkordar, og musikken hans blir ofte beskriven som fargerik. I stykket «Haugelåt» frå *Slåtter* kan du høyre korleis han set sitt eige preg på ein hardingfeleslåt – folkemusikk som Grieg hadde fått nedteikna etter spelemannen Knut Johannesen Dahle. I byrjinga er det enkle akkordar, men i den rolege midtdelen kan ein verkeleg høyre Griegs evne til å skape rike, avanserte klangar.

Det er særleg eitt motiv som går igjen i Griegs musikk. Det er ein slags signatur med berre tre notar, som vi kallar griegske leiemotiv. Pianokonserten, den såkalla a-mollkonserten, begynner med dette motivet, og er kanskje det mest kjende eksempelet på denne musikalske signaturen. Somme hevdar at også dette er henta frå norsk folkemusikk. Griegs musikk blir ofte nemnd som veldig norsk, men det er viktig å vere klar over at det ein tenkjer på som norsk, somme gonger eigentleg berre er griegsk. Eit eksempel på dette er «Morgenstemning», som mange assosierer med norsk natur, men som eigentleg var Griegs måte å skildre ein soloppgang langs Afrikas kyst på.

Musikken til Grieg var ei viktig stemme i den nasjonale oppbløminga i Noreg på 1800-talet, der forfattarar, målarar og andre kunstnarar leitte etter det norske, for at vi skulle vise oss som ein eigen nasjon. Men musikken hans blei også viktig i utlandet. Mange meiner at Griegs måtar å bruke akkordar på blei ein inspirasjon for dei franske komponistane først på 1900-talet, som også etter kvart blei kjende for å skrive fargerik musikk. Det er altså ikkje utan grunn at Edvard Grieg har blitt ståande som den viktigaste komponisten vår gjennom tidene.

nasjonalromantisk, nasjonalromantikken: Ein periode på 1800-talet der ein var oppteken av å trekkje fram det som er typisk norsk, for eksempel natur, diktning, musikk og språk.

akkord: Fleire tonar spelte samtidig, for eksempel på eit piano. Ein enkel akkord består av tre tonar, mens avanserte akkordar kan bestå av opptil 6–7 forskjellige tonar.

motiv: Liten del av ein melodi. Det griegske leiemotivet med noteeksempel i a-moll.

Kjelder:

Benestad og Schelderup-Ebbe: *Edvard Grieg – mennesket og kunstnaren*. 2. utgave. 1990
Store norske leksikon: Edvard Grieg, snl.no/Edvard_Grieg